

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/160 - 21/12956

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
25.02.2021

Avklaring angående motsegn for Detaljregulering for Fossesjøen

Detaljregulering for Fossesjøen – PlanID 125620150004

Detaljregulering for Fossesjøen var ute på høyring og offentlig ettersyn i perioden 28.05.19 – 09.07.19. I samband med dette kom både Fylkesmannen i Vestland (no Statsforvaltaren i Vestland) og Statens vegvesen med varsel om motsegn. Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) kom med merknader til planforslaget.

30.08.19 vart det halde eit dialogmøte der Fylkesmannen i Vestland, Statens vegvesen og Meland kommune (no Alver kommune) deltok. Ein fann ikkje ei løysing på alle dialogpunkta som vart tekne opp. Forslagsstillar har no endra planforslaget og gjort endringar i plandokumenta som Alver kommune meiner tar hand om motsegna som kom ved den samordna uttalen oversendt 18.09.19.

Når det gjeld dialogpunkta til Statsforvaltaren i Vestland er desse løyst i følgjande føresegn:

Støy: § 4.2.19

Universell utforming: § 2.4

Naust: Tatt ut av planen

Statens vegvesen sine motsegn er tydeleg svart ut i merknadsskjemaet som ligg vedlagt, som viser til eksakt føresegn. § 2.11.9 er eit sentralt føresegn når det gjeld Statens vegvesen sitt motsegn til planen.

Ønskje om tilbakemelding

Alver kommune vurderer Detaljregulering for Fossesjøen til å ta hand om motsegna som ligg føre for planen. Vi ønskjer ei tilbakemelding på om motsegnsmunde vel å trekke sine motsegn til planen.

Med tanke på motsegna som er sendt inn av Statens vegvesen, vert dette òg sendt til Vestland fylkeskommune. Alver kommune påreknar at Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune vil ha eit godt samarbeid for å kunne komme med ei tilbakemelding innan uttalefristen.

Uttalefristen vert sett til 19.03.2021

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plankart_Fossesjøen_16.02.2021_A1

Planføresegner_Fossesjøen_16.02.21

Planskildring_Fossesjøen_16.02.2021

Merknadsskjema offentlig ettersyn Fossesjøen

Samordna uttale med motsegn - Offentleg ettersyn - Meland - GBNR 25161 m fl - Fossesjøen - bustadføremaal - detaljregulering

Mottakarar:

Statens vegvesen region Vest Leikanger Kontorsted	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland Vestland fylkeskommune	Njøsavegen 2 Postboks 7900	6863 5020	LEIKANGER BERGEN